



Møre og Romsdal

8. april 2022

Direktorata rår departementa til å godkjenne den regionale vassforvaltningsplanen med konkrete endringar som direktorata foreslår i dei vassregionspesifikke tilrådingane. Vi viser til hovuddokumentet for tilrådinga, der direktorata gir ei samla vurdering av relevante tema og sektorar. Hovuddokumentet er likelydande for alle vassregionar.

I dette vedlegget gir direktorata si vurdering av særlege tilhøve som gjeld den enkelte vassregion, medrekna:

- forslag til endringar i planen av omsyn til rikspolitiske interesser, for å bringe planen i tråd med vassforskrifta og nasjonale føringar
- framheve god praksis, anbefale forbetringar framover, og andre merknader

Direktorata tilrår at det som del av godkjenninga blir bestemt at den regionale vassforvaltningsplanen blir oppdatert i tråd med fylkestinga sine vedtak og endringane som følgjer av departementa si endelege godkjenning, slik at det blir enkelt for alle aktørar å sjå kva som er endeleg vedtatt og godkjend versjon. Vedteke regionalt tiltaksprogram er ikkje gjenstand for godkjenning. Informasjon i Vann-nett om føreslått tiltak vil bli oppdatert av relevant styresmakt som del av ordinær oppfølging av godkjend vassforvaltningsplan.

1. Nøkkeltal, planprosess og vassforvaltningsplanen

1.1. Nøkkeltal

Kilde er figurer og tabellar i vassforvaltningsplanen, som vassregionmynda har henta frå Vann-nett 11. november 2021. Endringane som direktorata tilrår i forbindelse med godkjenninga vil resultere i justering av enkelte av talla.

- Vassregionen har 2450 vassførekomstar, fordelt på 1691 elver/bekker, 409 innsjøar, 118 grunnvatn og 232 kystvatn. Av desse er 246 sterkt modifiserte vassførekomstar.
- Økologisk tilstand i naturlege vassførekomstar (overflatevatn): 81,6 % har i dag god eller svært god økologisk tilstand, og målet for planperioden er at dette skal auke til 94,1 % i 2027. Unntak: 4,9 % har utsett frist for å nå miljømåla (§ 9).
- Økologisk potensial i sterkt modifiserte vassførekomstar: 72,4 % har i dag godt økologisk potensial, og målet for planperioden er at dette skal auke til 76,0 % i 2027. Unntak: 6,1 % har utsett frist for å nå miljømåla (§ 9), og 17,5 % har mindre strenge miljømål (§ 10).

- Kjemisk tilstand: 3,0 % av vassførekomstane har ikkje god kjemisk tilstand. Målet for planperioden er at dette skal reduserast til 1,2 % i 2027, og dei som står att er hovudsakeleg vassførekomstar i kystvatn påverka av miljøgifter og som har utsett frist for å nå måla (§ 9) til 2033. Resterande vassførekomstar skal oppnå god kjemisk tilstand i 2027.
- Vassforvaltningsplanen listar vasskraft, fiskeri og akvakultur, jordbruk, avløp og urban utvikling som dei viktigaste påverknadane i Møre og Romsdal vassregion.
- I tillegg til dei viktigaste påverknadane, er følgjande regionale prioriteringar synleggjort: Vassdrag med laks og sjøaure, miljøgift og ureina sjøbotn, landbruk og avløp, plastforsøpling i kyst og vassdrag, minstevassføring i Svorka/Bævra, Toåa og Skallelva/Oppdølselva gjennom vilkårsrevisjon, tiltaksoppfølging i Aura/Eira, Surna og Mørevassdraget.

1.2. Planprosess

- Arbeidet med å oppdatere den regionale vassforvaltningsplanen har blitt gjennomført i tråd med vassforskrifta og føringar.
- Oppdateringa av vassforvaltningsplanen tok utgangspunkt i gjeldande vassforvaltningsplanar, og har difor vore ein mindre omfattande prosess enn i førre periode. Samstundes har fleire sektorstyremakter vore meir aktive når dei har følggt opp ansvaret sitt i planarbeidet.
- Vassregionmynda har leda ein ryddig og oversiktleg planprosess, og invitert til møter/dialog før og etter høyring. Dette er gjennomført på tross av utfordringar og begrensningar knytt til koronasituasjonen.
- Dei fleste innspel som direktorata har gitt i høyringa er teke til følge, med to unntak som er kommentert i del 5 under.
- Det synes å være et potensial for betre involvering/deltaking frå fleire av vassområdene/kommunane innan viktige tema der kommunane er myndigheit.
- Det er registrert to usemjer i fylkestingsvedtak i Møre og Romsdal. Desse er beskive og svara på i del 4 nedanfor.

Direktorata anbefaler Møre og Romsdal vassregionmynde å gi økt merksemd til involvering og rettleiing av kommunane som viktige sektormynde i vassforvaltningsarbeidet, i samarbeid med statsforvaltaren. Vi viser til omtale av kommunane sitt ansvar og oppgåver i vassforvaltninga i Nasjonale føringar for vassforvaltninga (2019)¹ og Klima- og miljødepartementets presisering (2021)².

1.3. Vassforvaltningsplanen

- Den regionale vassforvaltningsplanen som er vedteke av dei aktuelle fylkestinga er i stor grad i tråd med vassforskrifta og nasjonale føringar. Merknader knytt til spesifikke påverknader/sektorar er gitt i delkapitla som følger.

¹ [Nasjonale føringar for arbeidet med oppdatering av de regionale vannforvaltningsplanene \(2019\) - Vannportalen](#)

² [Presisering frå Klima og miljødepartementet av kommunane sine oppgåver og ansvar i vassforvaltninga, 27. 04.21 - Vannportalen](#)

- Rettleiarar og malar frå direktorata er nytta.
- Forordet til planen er godt skrive slik at betydninga av arbeidet kjem tydeleg fram. Samandraget er en god kortversjon av planen.
- Det er gode grep å inkludere eit forslag til regionale planretningslinjer.
- Planen er godt illustrert med om lag 20 bilete som gjer planen lett å lese og forstå.

Direktorata meiner at vassforvaltningsplanen vil bli eit godt reiskap for å nå målet om godt vassmiljø.

2. Påverknad, miljømål og tiltak

2.1. Vasskraft

Skrevet av: NVE og Miljødirektoratet.

| Tiltak | Antall tiltak | Investeringskostnad | Driftskostnad |
|--------------------------------------|---------------|---------------------|------------------|
| Vannkraft | | | |
| Forbedre vannføring | 11 | 30 000 000 | 4 500 000 |
| Vandrings- og spredningsveier | 13 | 4 470 000 | 0 |
| Forbedre fysiske forhold | 13 | 5 000 000 | 0 |

Tabell henta frå oppsummering av tiltaksprogrammet i vedteke vassforvaltningsplan for vassregion Møre og Romsdal, med kjelde Vann-Nett 11. november 2021.

Den regionale vassforvaltningsplanen

Møre og Romsdal vassregion prioriterer miljømål som kan medføre krafttap i to nye vassdrag (Toåa, og Skallelva i Istadreguleringen). Prioriteringane inneber vilkårsrevisjonar i vassdraga. Ingen vassdrag er prioritert ned, og andre godkjente miljømål frå førre plan vidareførast.

Nye miljømål som kan medføre krafttap i Toåa og Skallelva blei teke inn i planen etter høyringa. I den forbindelse blei det gjennomført ei høyring før forslaget blei handsama i VRU-møte.

Direktorata sine vurderingar

Prioriteringane er gjort med henvisning til dei nasjonale føringane, og er godt grunnjewe ut frå ny kunnskap om elvemusling i Skallelva og tidlegare utelate kunnskap om Toåa som tilseier ei høgare prioritering enn i førre planperiode. Planen synleggjer anslått krafttap for nye prioriteringar, og det er gjort ei enkel vurdering av nytteverdien sett opp mot kostnadane. Det er ikkje nokon rangering av dei nye prioriteringane, men VRM peiker på at det er få vassdrag i regionen som er prioritert med miljømål som kan medføra krafttap. Det kan difor seiast at vassregionmynda har utvist ei viss forsiktigheit når dei foreslår nye prioriteringar av miljømål som kan medføre produksjonstap, og dermed har følgd opp dei nasjonale føringane på dette punktet, inkludert presiseringa frå NVE og Miljødirektoratet i 2020 om at handlingsrommet for omprioriteringar er begrensa.

Prioriteringane av miljømål som kan medføre krafttap i Svorka og Aura blir vidareført frå førre plan. NVE har formidla at vilkårsrevisjonen for Aura er avgjort, og difor ikkje kan prioriterast opp i neste planperiode (kgl.res. 23.06.2021). I Surna er vilkårsrevisjon avgjort, og vassdraget prioriterast heller ikkje i oppdatert plan.

Ved godkjenninga av planane må dei samla konsekvensane for vasskraft av alle planane vurderast i eit nasjonalt perspektiv. Direktoratata viser difor til hovuddokumentet og **vedlegg A** med ei samla gjennomgang av kostnadar og nytte ved miljømåla som kan medføre krafttap, og tilrår at departementet legg dette til grunn for godkjenninga.

2.2. Restaurering av andre vassdragsinngrep

Skrevet av: Miljødirektoratet.

| Tiltak | Antall tiltak | Investeringskostnad | Driftskostnad |
|---|---------------|---------------------|---------------|
| Restaurering av andre vassdragsinngrep | | | |
| Vandrings- og spredningsveier supplerende | 11 | 2 690 000 | 0 |
| Forbedre fysiske forhold - supplerende | 9 | 5 700 000 | 0 |
| Forbedre vannføring - supplerende | 1 | 200 000 | 0 |

Tabell henta frå oppsummering av tiltaksprogrammet i vedteke vassforvaltningsplan for vassregion Møre og Romsdal, med kjelde Vann-nett 11. november 2021.

I tillegg til tiltaka som visast i tabellen over, ligg det restaureringstiltak i andre kapittel: Vasskraft (37) og landbruk (3), slik at det samla talet på restaureringstiltak i vassregionen er 61.

Vi viser til hovuddokumentet for tilrådinga, der direktorata gjev ei samla vurdering.

2.3. Samferdsel

Skrevet av: Statens vegvesen, Jernbanedirektoratet og Kystverket.

| Tiltak | Antall tiltak | Investeringskostnad | Driftskostnad |
|---|---------------|---------------------|---------------|
| Samferdsel | | | |
| Fysiske restaureringstiltak - supplerende | 0 | 0 | 0 |
| Forurensning – veg og urbane områder | 2 | 2 000 000 | 0 |
| Forurensning – havner og marint | 0 | 0 | 0 |
| Forurensning – havner og marint supplerende | 0 | 0 | 0 |

Tabell henta frå oppsummering av tiltaksprogrammet i vedteke vassforvaltningsplan for vassregion Møre og Romsdal, med kjelde Vann-nett 11. november 2021. Sjå kommentarar om manglar i tabellen i teksten under.

I databasen Vann-Nett er ikkje alle tiltak for utbetring av vandringshinder for fisk og ål, knytt til tema Samferdsel. Fleire av desse tiltaka er lagt under enten Vasskraft eller Restaurering og tel med der.

Dermed er dei heller ikkje synlege i tabellen ovanfor. For Møre og Romsdal har Statens vegvesen eit tiltak for utbetring av fiskepassasje, mens det er 12 tiltak knytt til fylkesveg. I tillegg er minst seks slike tiltak lagt til kommunane, men det er usikkert kor mange av dei som er knytt til kommunal veg. For riksveg er dei fleste vandringshinder utbetra i førre planperiode.

Samla kostnader er i Vann-Nett no på 2 mill. kr. for riksveg (berre to av fem tiltak er prissett, sjå neste avsnitt) og 7,5 mill. kr. for fylkesveg for dei tiltaka som er prissett til no.

Ulike omstende gjorde at Statens vegvesen ikkje fekk deltatt fullt ut i arbeidet med planen og med tiltaksprogrammet. Tiltaksprogrammet har difor noko mangelfull omtale av vegtiltak med prioriteringar og omtale av foreslegne og aktuelle tiltak. Etersom tiltaksprogrammet ikkje skal godkjennast av departementa, så er dette noko som vil bli følgt opp mot vassregionmynda. Dette inkluderer også oppdatering i Vann-Nett. Nye tiltak på riksveg gjeld i stor grad reinsing av tunnelvaskevatt ut frå regional handlingsplan for tunnelvaskevatt. Dei utgjør ein samla investeringskostnad anslått til 94 mill.kr og driftskostnader på 1,15 mill.kr. Desse tiltaka vil ha stor effekt for fleire vassførekomstar og vil bidra til enten å oppnå miljømåla eller oppretthalde god miljøtilstand i vassdraga. Det same behovet kan gjelde for nokre tunnelar på fylkesveg.

Det er ingen usemje knytt til denne planen. Det som ikkje kom fram i planfasen, vil bli følgt opp i det vidare arbeidet i vassregionen og Vann-Nett vil bli nytta som eit dynamisk verktøy. Med desse føresetnadene, vil planen bidra til å nå miljømåla for fleire vassførekomstar i regionen.

Vi viser til hovuddokumentet for tilrådinga, der direktorata gjev ei samla vurdering.

2.4. Sur nedbør

Skrevet av: Miljødirektoratet.

Dette er ikkje ei vesentleg påverknad i vassregion Møre og Romsdal.

2.5. Avløp

Skrevet av: Miljødirektoratet.

| Tiltak | Antall tiltak | Investeringskostnad | Driftskostnad |
|---|---------------|---------------------|---------------|
| Avløp | | | |
| Byer og tettsteder | 84 | 102 050 000 | 54 000 000 |
| Byer og tettsteder – supplerende | 5 | 0 | 0 |
| Spredt bebyggelse inkl. hytter | 45 | 4 450 000 | 9 000 000 |

Tabell henta frå oppsummering av tiltaksprogrammet i vedteke vassforvaltningsplan for vassregion Møre og Romsdal, med kjelde Vann-nett 11. november 2021.

Den regionale vassforvaltningsplanen

Utslepp frå avløp er på andre plass som påverkar av kystvassførekomstane i regionen. Eutrofiering kan vere ei utfordring lokalt og utslepp av ureinsa avløpsvatn har fleire uheldige lokale effektar som og er i konflikt med brukarinteresser.

Vassregionmynda har arbeidd saman med vassområda og kommunane. Tiltaksprogrammet for avløp ber preg av det er særleg to av fem vassområde som har gitt innspel til kostnader og tiltak. Når det gjeld å følgja nasjonale føringar for avløp og å oppfylle reinsekrev, har kommunane i denne vassregionen mykje å gå på, noko tiltaksprogrammet beskriv. Vi saknar imidlertid ei oversikt over og omtale av om reinsekrev er oppfylt på dei større avløpsanlegga (kap. 13 og 14) i tiltaksprogrammet. Møre og Romsdal er eitt av tre fylke med størst del av befolkninga som enten berre har mekanisk reinsing eller direkteutslepp og er difor det fylket som har størst andel som ikkje oppfyller reinsekrev eller kor oppfylling av reinsekrev er ukjent (SSB rapport 2021/39).

Det komer ikkje fram av tiltaksprogrammet om kommunane har avløpsplanar, men det er lagt inn 17 tiltak knytt til ulike former for kart- og planlegging i byar og tettstader og 16 tiltak i spreidd busetnad. Tiltaksprogrammet er eit steg i riktig retning for å ta tak i etterslepet på leidningsnett og reinseanlegg, dette gjeld særleg utslepp frå nokon av dei store tettbebyggelsene. Fleire av kommunane har liten oversikt og startar med kartlegging av separate avløp.

Samla kostnader for 144 avløpstiltak er om lag 0,160 milliardar (inkludert tiltak som er ført opp under drift). Mesteparten av tiltaka og kostnadane er frå to av vassområda (særleg Ålesund og Kristiansund). Tiltaka og kostnadane gjenspeiler ikkje det store etterslepet og manglande oppfylleling av reinsekrev på avløpsanlegga.

Fleire av kommunane melder om utfordringar med å følgje opp avløpssektoren, dette gjeld mellom anna tilsyn, oppfølging og oversikt over spreidd avløp (manglande administrativ kapasitet og stort etterslep på leidningsnett og reinseanlegg). VRM beskriv at økonomiske ressursar, lite politisk vilje til å gjennomføre avløpstiltak som er kostnadsdrivande for befolkninga, samt mangel på kompetanse gjer det utfordrande å få planlagt og gjennomført tiltaka.

Slik tiltaksprogrammet for avløp nå er, kan det sjå ut som om fleire av kommunane ikkje har teke innover seg ansvaret sitt for å følgje opp nasjonale føringa og sitt ansvar for avløpssektoren generelt. Miljødirektoratet forventar at fleire av kommunane i denne vassregionen får sanert ureinsa utslepp og sørgjer for at reinseanlegg reinsar i tråd med ureiningsforskrifta sitt krav.

Direktoratet sine vurderingar

Miljødirektoratet anbefaler at statsforvaltaren og vassregionmynda vidarefører samarbeidet med kommunane på avløpsområdet, for å sikra at tiltaksprogrammet som eit minimum inneheld tiltak som er vedteke i kommunane sine planar, tiltak som kommunane er pålagt av statsforvaltaren, og at alle vassområda legg inn kartlegging av separate avløp der denne oversikta ikkje finnast.

Ein bør vurdere om det er område der det vil vere ein fordel at fleire kommunar går saman om å løyse utfordringane.

2.7. Landbruk

Skrevet av: Landbruksdirektoratet og Miljødirektoratet.

| Tiltak | Antall tiltak | Investeringskostnad | Driftskostnad |
|--|---------------|---------------------|---------------|
| Landbruk | | | |
| Næringsalter/jorderosjon | 30 | 1 550 000 | 0 |
| Næringsalter/jorderosjon – supplerende | 154 | 14 820 456 | 1 407 657 |
| Plantevernmidler – supplerende | 0 | 0 | 0 |
| Restaurering – supplerende | 3 | 0 | 0 |
| Rådgivning – supplerende | 0 | 0 | 0 |
| Skogbruk | 0 | 0 | 0 |
| Skogbruk – supplerende | 0 | 0 | 0 |

Tabell henta frå oppsummering av tiltaksprogrammet i vedteke vassforvaltningsplan for vassregion Møre og Romsdal, med kjelde Vann-nett 11. november 2021. Ikkje alle tiltak er kostnadsberekna.

Den regionale vassforvaltningsplanen

Landbrukskapittelet i vassforvaltningsplanen og tilhøyrande tiltaksprogram gjev ei god oversikt over utfordringane i vassregionen og tiltak som er føreslått. Landbruket i vassregion Møre og Romsdal består i stor grad av grovfôrproduksjon og ca. 96 % prosent av jordbruksarealet blir nytta til dette. Landbruksproduksjonen er spreidd over heile fylket, spesielt i lågareliggjande strøk. Landbruk påverkar difor mange vassførekomstar. Landbruk er den tredje største påverknaden i regionen, og er nest størst i tre vassområde.

Årsakene kan vere avrenning frå silopressaft, gjødselavrenning frå utette gjødsellagre, gjødsellagre med for liten kapasitet, gjødsling og spreieing på ugunstige stader og tidspunkt. I tillegg kjem fysiske inngrep i elver og bekker.

Nasjonale føringar er følgt på den måten at landbruket tek sitt sektoransvar og gjennomfører tiltak for å forbetre eller oppretthalde vasskvalitet.

Dei aller fleste tiltaka innan landbruk i Møre og Romsdal vassregion er knytt til tap av næringsstoff og jord frå jordbruksareal (184 tiltak). Dei fleste av desse tiltaka gjeld miljøvennleg spreieing av husdyrgjødsel (104 tiltak) og fangdammar (31 tiltak til 12,8 millionar). Dei tiltaka som er kostnadsberekna utgjer til saman om lag 16,4 mill. kroner i investeringskostnadar og 1,4 mill. kroner i driftskostnad. I tillegg er tre restaureringstiltak lagt inn, utan kostnadsberekning.

Planen beskriv at det finst lite data om avrenning frå skogbruket i Møre og Romsdal. På generelt grunnlag er skogbruksareala vurdert til å ikkje ha vesentleg påverknad på vasskvaliteten.

Planen beskriver at sjølv om landbruket er ein stor påverknad i regionen, vil bruk av relativt enkle og kostnadseffektive grep som spreieing av gjødsel i vekstsesong, betre lagring av gjødsel (kapasitet og plassering) og etablering av kantsone bidra til oppfyljing av miljømåla. Dersom ein klarar å gjennomføre alle tiltaka som er planlagt i perioden, antar vassforvaltningsmyndigheten at dette vil bidra til å redusere påverknad frå landbruk og ein truleg vil nå miljømåla.

Direktorata sine vurderingar

Landbruksdirektoratet og Miljødirektoratet anbefaler at relevante styresmakter i vassregionen vidarefører samarbeidet for å:

- Vurdere å innføre regional forskrift der landbrukspåverknad er for stor til at vassdirektivets miljømål god tilstand nåast innan fristen med dagens innsats
- Vidareutvikle ein realistisk pakke med vassmiljøtiltak i vassområde med særlege utfordringar som gjer det sannsynleg at miljømåla kan nåast innan 2027 (eller innan 2033 for vassførekomstar gjennom bruk av utsett frist)

2.7. Ureining frå industri, nedlagte gruver, ureina grunn og ureina sjøbotn

Skrevet av: Miljødirektoratet.

| Tiltak | Antall tiltak | Investeringskostnad | Driftskostnad |
|--------------------|---------------|---------------------|---------------|
| Miljøgifter | | | |
| Forurenset grunn | 8 | 100 080 000 | 0 |
| Forurenset sjøbunn | 34 | 602 640 000 | 1 200 000 |
| Utfasing/reduksjon | 1 | 0 | 0 |
| Industri og gruver | 4 | 11 000 000 | 0 |

Tabell henta frå oppsummering av tiltaksprogrammet i vedteke vassforvaltningsplan for vassregion Møre og Romsdal, med kjelde Vann-Nett 11. november 2021.

Industri

Møre og Romsdal vassregion har ei rekke område med lang industrihistorie, kor mange vassførekomstar nær desse framleis er påverka av historisk ureining lagra i sediment, i tillegg til aktive industriutslipp. Svært mange av dei noverande industribedriftene ligg i etablerte industriområde der det over lang tid har vore industrielle aktivitetar med tilhøyrande skipstrafikk og hamnedrift. Dagens tilstand i ei rekke vassførekomstar skylder difor ofte historisk ureining som ligg lagra i sediment, og som i større eller mindre grad påverkar vassøyla og biota. Avrenning frå historisk grunnureining i industriområda kan òg bidra til dette. I mange av desse tilfella er det vanskeleg å avgjere kven som er ansvarleg for ureininga, sjå ureiningslova § 11, eller den ansvarlege eksisterer ikkje lenger.

Miljødirektoratet har foreslått eit tiltak for *utslippsreducerande tiltak* for miljøgifter, fastsetjing av utslippsgrenser etter BAT-AEL for Multi Marin. Vidare er det lagt inn tre tiltak for betring av kunnskapsgrunnlag for *industri*. Desse knyter seg særleg til oppfølging av reduksjon av industriutslipp til Tingvollfjorden.

Verksemda Real Alloy har fått krav om å greie ut moglegheiter for tiltak som kan redusere utslipp av suspendert stoff og ulike tungmetall til sjø. Verksemda Brødr. Sunde har fått krav om å greie ut moglegheiter for tiltak for HBCD-opprydning i Åsefjorden.

Statsforvaltaren har foreslått 22 tiltak for opprydding i *ureina sediment* i 16 vassførekomstar. Stasforvaltaren har og foreslått eit tiltak for *ureina grunn* ved Bolsønes verft. Anslått

investeringskostnad for tiltaket er 5 millionar kroner. Statsforvaltaren har vidare foreslått fem utslippsreducerande tiltak under *industri og gruver*. Anslått investeringskostnad for to av tiltaka er 12 millionar kroner.

Kommunane har foreslått to tiltak for *ureina grunn* i vassførekomstane Fosnavåg og Søylenene.

Ein del industriutslipp lèt seg ikkje redusera til eit nivå som ikkje gir negativ påverknad, sidan det vil setja stoppar for drift. Langsiktig plan og kontinuerlege mindre reduksjonar kan bidra til å nå miljømåla på sikt, men vil ikkje sikra at vi når miljømåla for alle dei industripåverka vassførekomstane i Møre og Romsdal i denne perioden. Miljødirektoratet meiner det er viktig at vassforvaltningsplanane i planperioden bidrar til å auka kunnskapen om ulike påverkarar der det er uklære ansvarsforhold.

Miljødirektoratet vil fortsette arbeidet med de nedlagte gruvene og anvender § 9 ledd a og b, for vassførekomstar påverka av nedlagte gruver, der tilstanden er dårlegare enn god. For sektoren bør det framleis bør vera fokus på auka kunnskap om påverknader og tett oppfølging av industrien i tråd med sektorregelverket.

Ureina grunn

Miljødirektoratet har foreslått to tiltak på *ureina grunn*; Vigra lufthamn og Kristiansund lufthamn. Dette er tiltak som vil redusere PFAS-forureining i vassførekomstane, men som venteleg ikkje aleine vil betre tilstanden i vassførekomstane. De andre tiltaka som er foreslått for *ureina grunn* følgjast opp av kommunane og statsforvaltaren. Miljødirektoratet har ikkje vurdert om tiltak som kommunar og statsforvaltaren følgjer opp vil vere tilstrekkeleg til å nå miljømåla, men vi legg til grunn at disse tiltaka vil bidra positivt til å komme nærare miljømålet.

Det er framleis naudsynt med fokus på opprydding av ureina grunn, om vi skal nå miljømåla i løpet av planperioden. Det er og viktig at tiltak i ureina grunn sjåast i samheng med andre tiltak, for å kunne vurdere om miljømåla vil nåast.

Ureina sjøbotn

Av dei 34 tiltaka som er foreslått i planen, er det 18 tiltak som er opprydding i *ureina sjøbon*. Dei fleste er opprydding i sjøbotn ved prioriterte skipsverft. Åtte tiltak er undersøkingar og risikovurdering. Det same gjeld pålegg om å utarbeide tiltaksplan.

Når det gjeld tiltak for å rydde opp i ureina sjøbotn ved skipsverft- er det Statsforvaltaren som er myndigheit. Ei rekkje skipsverft inngår i "Handlingsplanen for opprydding av forurenset sjøbunn". Skipsverfta er sjøve ansvarlege for å greie ut om ureining i sjøbotn utgjer ein uakseptabel risiko for menneske og miljø. I dei tilfella der dette er situasjonen, skal ansvarleg for verksemda sette i gang tiltak og rydde opp for eigen kostnad. All opprydding i ureina sjøbotn vil føre til ei forbetring av miljøtilstanden slik at miljømåla lettare nåast.

I vassforvaltningsplanen står det at Møre og Romsdal fylkeskommune er usamd i miljøtiltak knytt til 13 verft i Møre og Romsdal, fordi tiltaka ikkje er tydelege på at dei føreset ekstern finansiering, jf. vassforskrifta § 26.

Miljødirektoratet er usamd med Fylkeskommunen i Møre og Romsdal om at staten skal finansiere tiltak for å rydde opp i ureina sjøbotn med mål om å oppnå god miljøtilstand i aktuelle vassførekomstar m det finnes en ansvarleg forureinar. Fylkeskommunen sitt (Vassregionmynda)

utsagn i vassforvaltningsplanen, kapittel 1 under pkt. 4, er i strid med ureiningslova sine prinsipp. Dette har, etter Miljødirektoratet si vurdering, ikkje Fylkeskommunen anledning til. I dette går Fylkeskommunen utover sitt myndigheitsområde.

Miljødirektoratet har ansvar for oppfølging av Handlingsplanen for opprydding i ureina sediment som er forankra i to stortingsmeldingar. Vi har og eit koordineringsansvar for å følge opp Statsforvaltarens arbeid med opprydding ved prioriterte skipsverft, som også er en del av handlingsplanen. Så langt det er rimeleg skal pålegg etter ureiningslova nyttast som eit verkemiddel for å sikre at utgreiing og oppryddingstiltak vert gjennomført på land og i sjøbotn som er ureina med miljøfarlege stoff. Ureiningslova og "ureinar betalar prinsippet" er eit viktig berande prinsipp i norsk og internasjonal klima- og miljøforvaltning.

Vi ser ingen grunn til å fråvike dette prinsippet i arbeidet med oppfølging av ureina grunn og sjøbotn ved dei prioriterte skipsverfta, slik det visats til i vassforvaltningsplanen.

13 skipsverft klaga på pålegg frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal om utarbeiding av tiltaksplanar for opprydding i ureina sjøbotn ved sine lokalitetar. Saane blei avgjort 10. mai 2021 og Miljødirektoratet oppretthaldt vedtaka til Statsforvaltaren i 12 av sakane.

Aspevågen ved Ålesund og Sunndalsfjorden er prioriterte område i den nasjonale handlingsplanen for ureina sjøbotn. Det er ikkje planlagt tiltak i Sunndalsfjorden i den neste planperioden som følgje av utslepp frå industri. Først må ein redusera utslepp ifrå industrien før ein kan gjere tiltak i ureina sjøbotn.

Tiltak for opprydding av ureina havbotn i Aspevågen er føreslått for planperioden. Ålesund kommune har ansvar for å utgreie tiltak og å gjennomføre desse. Oppryddingsprosjektet skal skje i lag med opprydding i den gamle gassverkstomta og sjøbotnen utafor. Tiltaksmetode og tiltakskostander er ikkje utgreia ennå. Dei vil bli lagt inn i Vann-Nett når dei føreligg. I Aspevågen vil sediment med uakseptabel risiko for helse og ytre miljø bli rydda opp. Tiltaksgjennomføring forutsett statleg delfinansiering dersom opprydding skal skje. Det er krevjande å finne ansvarlege for ureininga i hamneområda der gamal ureining ligg på sjøbotnen. Opprydding vil gje miljøforbetring og ein vil kome nærare miljømålsettinga dersom det gjennomførast.

Det er viktig å sjå tiltak i ureina sediment i samanheng med andre tiltak, mellom anna redusert avrenning til særleg sjø/vatn frå byar, tettstader og industriverksemd. Dette er viktig for å kunne oppretthalde god tiltakseffekt når opprydding i ureina sjøbotn er gjennomført. Alle oppryddingstiltak i ureina sjøbotn vil bidra til at miljømål nåast.

Kostnadene på over 600 millionar kroner for opprydding er svært usikre, men opprydding i ureina sjøbotn er kostbart. Det er ikkje sikkert at opprydding i sjøbotn ved verfta vert så kostnadskrevjande som foreslått her, men påverkar betaler prinsippet står fast.

2.8. Akvakultur

Skrevet av: Fiskeridirektoratet, Mattilsynet og Miljødirektoratet.

| Tiltak | Antall tiltak | Investeringskostnad | Driftskostnad |
|--|---------------|---------------------|----------------|
| Akvakultur | | | |
| Tiltak innen akvakultur | 8 | 0 | 200 000 |
| Tiltak innen akvakultur - supplerende | 7 | 0 | 280 000 |
| Forbedre vandrings- og spredningsveier i vassdrag | 2 | 0 | 730 000 |

Tabell henta frå tiltaksprogrammet i vedteke vassforvaltningsplan for vassregion Møre og Romsdal, med kjelde Vann-nett 11. november 2021.

I vassdrag som er vesentleg påverka av rømt oppdrettsfisk har Fiskeridirektoratet foreslått 7 tiltak om overvaking av innslag av rømt oppdrettsfisk og 2 tiltak om uttak av rømt oppdrettsfisk. Tiltaka er lagt inn med sjablongkostnad, og inngår i tabellen.

Vi viser til hovuddokumentet for tilrådinga, der direktorata gjev ei samla vurdering.

2.9. Framande arter

Skrevet av: Miljødirektoratet og Fiskeridirektoratet.

| Tiltak | Antall tiltak | Investeringskostnad | Driftskostnad |
|-------------------------------------|---------------|---------------------|------------------|
| Fremmede arter | | | |
| Fremmede arter | 0 | 0 | 0 |
| Fremmede arter - supplerende | 9 | 53 200 000 | 2 000 000 |

Tabell henta frå oppsummering av tiltaksprogrammet i vedtatt vassforvaltningsplan for vassregion Møre og Romsdal, med kjelde Vann-Nett 11. november 2021.

Det er planlagt tiltak for å bekjempe lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* i Drivaregionen. Tiltaket omfattar kjemisk handsaming og fiskesperre. Tiltaksprogrammet omfattar i tillegg tiltak for å bekjempe forekomstar av ørekyt, harr og gjedde. Utover dette er det fleire tiltak retta mot å hindre spreiring av framande artar, mellom anna signalkreps, oftast i form av overvaking eller informasjonstiltak.

Vi viser til hovuddokumentet for tilrådinga, der direktorata gjev ei samla vurdering.

2.10. Drikkevann og badevann

Skrevet av: Mattilsynet og Miljødirektoratet.

| Tiltak | Antall tiltak | Investeringskostnad | Driftskostnad |
|---------------------------|---------------|---------------------|---------------|
| Beskyttelse av drikkevann | 2 | 0 | 0 |

Tabell henta frå oppsummering av tiltaksprogrammet i vedteke vassforvaltningsplan for vassregion Møre og Romsdal, med kjelde Vann-nett 11. november 2021.

Vi viser til hovuddokumentet for tilrådinga, der direktorata gjev ei samla vurdering.

2.11. Diverse tiltak, inkludert plast

Skrevet av: Miljødirektoratet.

| Tiltak | Antall tiltak | Investeringskostnad | Driftskostnad |
|------------------------------|---------------|---------------------|---------------|
| Overvann | | | |
| Overvann | 0 | 0 | 0 |
| Overvann - supplerende | 0 | 0 | 0 |
| Forskning og kunnskap | | | |
| Grunnleggende tiltak | 63 | 9 854 266 | 2 200 |
| Supplerende tiltak | 61 | 850 000 | 0 |
| Andre tiltak | | | |
| Grunnleggende tiltak | 4 | 0 | 0 |
| Supplerende tiltak | 2 | 0 | 0 |

Tabell henta frå oppsummering av tiltaksprogrammet i vedteke vassforvaltningsplan for vassregion Møre og Romsdal, med kjelde Vann-nett 11. november 2021.

Andre tiltak omfattar mellom anna tilsyn og oppfølging, tiltak mot plastforsøpling og mikroplast, og innsjøinterne tiltak.

For tiltak mot plastforsøpling og mikroplast er det lagt inn fire tiltak av kommunen. Miljødirektoratet er positive til at det er engasjement og fokus på plast, men viser til teksten i hovuddokumentet for vurdering av plasttiltak, der direktorata gjev ei samla vurdering.

3. Spørsmål som løftast for avklaring på sentralt nivå

I tråd med vassforskrifta § 26 kan vassregionmynda eller medlemmene i vassregionutvalet krevje at spørsmål blir avklart på sentralt nivå.

I vassforvaltningsplanen signaliserer regionen behov for nye verkemiddel på følgjande område:

1. Vasskraft
2. Avløp
3. Landbruk
4. Framande artar
5. Ureina sjøbotn
6. Forsking og kunnskap.

Dei fleste av desse temaene inngår også i vassregionmynda sitt felles dokument med oppsummering av høyringsinnspel. Dei fleste momenta er omtalt og kommentert av direktorata i hovuddokumentet, og dermed løftet til departementsnivå.

4. Direktorata sine kommentarar til vedtak i fylkestinget:

Vedtak som er likelydande i alle, eller dei fleste, vassregionane, er kommentert i hovuddokumentet for tilrådinga.

Det er registrert to usemjer i fylkestingsvedtak i Møre og Romsdal.

| Vedtak/fleirtalsmerknad | Direktorata sine kommentarar |
|---|---|
| <i>Møre og Romsdal fylkeskommune er usamd i miljøtiltak knytt til 13 verft i Møre og Romsdal, fordi tiltaka ikkje er tydelege på at dei føreset ekstern finansiering, jf. vassforskrifta § 26.</i> | Miljødirektoratet sin vurdering av spørsmålet er grundig forklart i kapittel 2.7. Miljødirektoratet tilrår at departementet godkjenner endeleg plan i tråd med direktoratet sin vurdering. |
| <i>Møre og Romsdal er svært usamd i nye konsesjonsvilkåra i Aursjøreguleringa fastsett i kongeleg resolusjon 23.6.2021. Utredningar viser tydeleg at innføring av minstevassføring i Aura/Eira gir positiv kost/nytte for miljøet.</i> <i>Møre og Romsdal fylkeskommune opprettheld miljøambisjonane som blei satt for Aura og Eira i vassforvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion 2016-2021, godkjent av Klima- og miljødepartementet 4.7.2016, med minstevassføring som tiltak. Aura og Eira prioriterast for minstevassføring i regional vassforvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion 2022-2027 Hurdalsplattformen slår fast at regjeringa skal «Styrke hensynet til natur og miljø i vassdragsrevisjonene, blant annet</i> | NVE presiserer at tiltaket er vurdert i vilkårsrevisjon, kor tiltak som medfører krafttap blei avvist, og saken er avgjort ved Kgl. Resolusjon 23.6.2021. Direktorata vil difor ikkje tilrå å prioritere miljømål som kan medføre krafttap i Aura/Eira i neste planperiode. Direktorata tår til at departementet godkjenner endeleg plan i tråd med direktorata sin vurdering . |



| | |
|--|---|
| <p><i>gjennom krav til minstevannføring og sørge for at restaurering av natur og arts mangfold langs vassdrag sikres.» Møre og Romsdal fylkeskommune ber departementa prioritere Aura og Eira for minstevassførings og oppretthalde miljøambisjonane i vassdraget i si godkjenning av planen.</i></p> | |
| <p><i>I år er villaksen for første gang på rødlista over truede arter. Dette er også første gang påvirkning fra oppdrettsnæringa på villaksen er med i Vassforvaltningsplanen. De to største truslene mot den norske villaksen er rømming av oppdrettslaks og lakselus. Fylkestinget mener det er uakseptabelt at villaksen risikerer å forsvinne fra norsk natur.</i></p> | <p>At atlantisk laks er på raudlista viser kor alvorleg situasjonen er for ville bestandar av laks, og Miljødirektoratet viser til hovuddokumentet der vi peiker på at tiltaksprogramma ikkje vil vere tilstrekkeleg for å nå miljømåla.</p> <p>Direktorata viser til Kvalitetsnorm for ville bestandar av atlantisk laks som retningsgivande for styresmaktene si forvaltning. Videre viser vi til at rømt oppdrettsfisk og lakselus er omfatta av dei regionale vassforvaltningsplanane 2022-2027..</p> <p>Fiskeridirektoratet understrekar at førebygging og handtering av effektar av rømming er et prioritert område i akvakulturforvaltninga, og Nærings- og fiskeridepartementet har i tildelingsbrevet 2022 gitt oppdrag som gjeld nye og konkrete verkemidlar. Direktoratet skal utarbeide et forslag til heilheitleg og meir effektivt system for overvaking og uttak av rømt oppdrettsfisk i vassdrag, inkludert nødvendige forskriftsendringar og utvikling av relevante verktøy, medrekna ein elvekatalog. Videre skal det etablerast eit forskriftsfestet krav om felles spøringsløyising for alle innehavare av løyve etter laksetildelingsforskrifta.</p> |

5. Tilrådning om endringer i vannforvaltningsplanen

- Møre og Romsdal er usamd i miljøtiltak knytt til 13 verft i Møre og Romsdal, fordi tiltaka ikkje er tydelege på at dei føreset ekstern finansiering, jf. vassforskrifta § 26.

Miljødirektoratet sin vurdering av spørsmålet er grundig forklart i kapittel 2.7. "Ureinar betalar prinsippet" er eit viktig berande prinsipp. Miljødirektoratet tilrår at departementet godkjenner endeleg plan i tråd med direktoratet sin vurdering.

- Møre og Romsdal er usamd i dei nye konsesjonsvilkåra i Aursjøreguleringa fastsett i kongeleg resolusjon 23.6.2021.

NVE presiserer at tiltaket er vurdert i vilkårsrevisjon, kor tiltak som medfører krafttap blei avvist, og saken er avgjort ved Kgl. Resolusjon 23.6.2021. Direktorata vil difor ikkje tilrå å prioritere miljømål som kan medføre krafttap i Aura/Eira i neste planperiode. Direktorata rår til at departementet godkjenner endeleg plan i tråd med direktorata sin vurdering.

- Endringar av bruk av unntak frå §10 til §9 for vassforekomster med påverking frå nedlagte gruver.

Miljødirektoratet anbefaler at departementet i forbindelse med godkjenninga endrar frå §10 til §9 for følgande vassforekomster: 092-27-R

6. Andre kommentarar

- I planen sitt vedlegg 2, kapittel 2.3.11 står det at "påverknad frå akvakultur ikkje var med i gjeldande forvaltningsplan".

Vi presiserer at det er påverknad frå akvakultur i form av lakselus og rømd oppdrettsfisk som ikkje var omfatta av vassforvaltningsplanane for 2016-2021, jf. nasjonale føringar av 19.03.19. Andre påverknadar frå akvakultur er omfatta av gjeldande vassforvaltningsplanar.

- I planen sitt vedlegg 2, kapittel 2.2 står det at "oppgåvene til vassregionutvalet går fram av vassforskrifta og er eit forberedande organ til fylkestinget til den fylkeskommune som er VRM".

Vi presiserer at vassforskrifta seier at det er vassregionmynda som skal koordinere arbeidet (§ 20) og oversende utkastet til berørte fylkeskommunar (§ 29). Vassregionmynda er pålagt å opprette eit vassregionutval, der statlege styresmakter og kommunar har rett og plikt til å delta (§ 22). Vassregionmynda skal i samarbeid med vassregionutvalet utarbeide utkast til oppdatert vassforvaltningsplan, og arbeide for at ein oppnår einigheit (§ 26).